

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 27.02.2014

### SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- RAMMER FOR AVTALE OM UTLEIGEBUSTADAR OG GRATISTOMTER
- VURDERING AV FRAMTIDIG KOMMUNESTRUKTUR I NORDHORDLAND OG GULEN REGIONEN.
- NY PENSJONSORDNING FOR FOLKEVALDE FRÅ 2014
- BUDSJETT 2014 OG ØKONOMIPLAN 2014-17. KONSEKVENSAVTALE FOR OMSORGSTENESTA I GULEN KOMMUNE
- NORDHORDLAND UTVIKLINGSSKAP IKS - ENDRING AV SELSKAPSAVTALE
- BYGGING AV NYE KOMMUNALE BUSTADER FOR BRUKARAR MED SÆRLEGE BEHOV. FRAMTIDIG OVERORDNA ORGANISERING AV TENESTA

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 12.  
Sakstifanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal  
Ordførar

### Frå ordføraren

Vi har gått inn i eit nytt år, og skriv 2014. Dette året er det 200 år sidan Noreg fekk si eiga Grunnlov, og det vert ei storstilt feiring over heile landet av dette jubileet.

Her i Gulen har vi god grunn til å feire, for det var her det heile starta, med Gulatinget og Gulatingslova som vart utforma for over 1100 år sidan, og som danna grunnlaget for at Noreg vart ein demokratisk rettsstat med folkestyre.

Difor vert **hovudfeiringa av Grunnlovsjubileet** i Sogn og Fjordane, "Frå Gulating til Storting", lagt til Gulen og Gulatingsparken. Dette er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune og skal vere den **28. juni 2014**.

Det skal vere eit rikhaldig program her i kommunen både den dagen og i tida før.



Eg ynskjer at vi alle skal kjenne på at dette er vår feiring, og at vi alle er stolte av at grunnlaget for lovverket her i landet kom herifra.

Det kan vi gjere ved at vi involverer oss i det arbeidet og dei arrangementa som skal gjennomførast. Ta kontakt med oss som arbeider med feiringa, eller arbeid utifrå dei frivillege organisasjonane som er med.

Eg er sikker på at vi i fellesskap kan skape eit godt jubileum og minnerike dagar til sommaren.

Hallvard Oppedal

### Bustadtiltak

Kommunen er startgropa med fleire tiltak for å få fart på utbygging av bustadar. Vi ynskjer særleg å få bygd fleire leiligheiter, både til sal og til utleige.

Til kommunestyremøtet den 27.02. ligg det føre ei sak om samarbeid med private om bygging av utleigehusvere. Formannskapet tilrår at kommunen inngår avtale om kjøp eller leige av 1-2 einingar i kvart av bygdesentera Brekke, Byrknes, Dalsøyra og Eivindvik. I same saka er det også framlegg om å dele ut nokre gratis rest-tomter i eldre kommunale byggjefelt. Aktuelle tomter ligg i Brekke, Dalsøyra og Eivindvik. Saka ligg på kommunen si heimeside. Gå inn på Møtekalender og dokument, opne det aktuelle møtet.

Vi vil også minne om at det ligg ferdig regulerte tomter til fleirmannsbustadar i det nye byggjefeltet Hovden II.

**Er du interessert i å få gratis tomt? Eller har du planar om eit utbyggingsprosjekt?**

Send ein e-post til

[postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no) innan 01. april.  
Vi tek kontakt for å avtale eit møte.

Du kan få fleire opplysningar på kommunen si heimeside, eller ved å ta kontakt på tlf 57 78 20 00.

## Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimeside

[www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt](http://www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt)



I dag pågår 14 arealplanar, blant anna følgjande:

### **Kommunedelplan for trafiktrygging 2011005**

Administrasjonen skal legge planomtalen på høyring. Framlegg i formannskap / HPU, mars 2014.

### **Kommuneplanen for Gulen kommune**

2012001 Arealdelen på 1. gongs høyring, **frist 4.4.2014**

Det er utarbeidd rettleiar, sjå «**Plan Nytt**» på heimesida.

### **Reguleringsplanar**

Overordna vurdering med rullering av kommuneplan

2005007 Kvernevågen, næring og hyttefelt

2011004 Krekebærtua, hyttefelt

Godkjenning:

2010004 Sollibotn industriområde, med mindre endringar

Ny handsaming etter høyring:

2012007 Fivelsdal gbnr. 78/3, hytter

2011003 Veg til Kyrkjøyna, endring, Rutledal

2013002 Råolje og pet.terminal industriomr. – Sløvåg sør

1. gongs høyring (planlegging):

2012004 Åmdalsvik hyttegrend, gbnr. 40/1

Planarbeid pågår:

2010008 Nappen hyttefelt, Mjømna

2011001 Storevågsneset, Brandanger

2013003 Gulen industrihamn,

reguleringsendring

2008001 Taksebotn hytter

2009005 Dingeneset sør hyttegrend

## **Høyring – ny politivedtekt for Gulen kommune**

Gulen kommune har no ny politivedtekt ute på høyring. Vedtekta sitt føremål er å sikre ro og orden på offentleg stad.

Framlegg til ny politivedtekt finn du på

[www.gulen.kommune.no/andre-kunngjeringar](http://www.gulen.kommune.no/andre-kunngjeringar)

Har du spørsmål eller ynskjer å lese høyringsutkastet i papirversjon – ta kontakt med kommunen på tlf. 57 78 20 00. Høyringsfrist 28.03.2014.

## **Eit næringsbygg veks fram..**

Ideen om eit næringsbygg i søre del av kommunen har vore arbeidd med i mange år. Det er difor no gledeleg å sjå at bygget reiser seg flott ved inngangen til Gulen Industrihamn.

Prosjektleiari for bygget Tore Halsvik seier at entreprenør Helgesen Tekniske Bygg AS held framdrifta som skissert og bygget er planlagt ferdigstilt 01.november 2014.

Under ser du eit bilete frå ei synfaring på næringsbygget. Frå venstre ingeniør VA Sandra Skutvik, ordførar Hallvard Oppedal og prosjektleiari Tore Halsvik.

Vi har tru på at næringsbygget vil gje positive ringverknader for både næringslivet og innbyggjarane i Gulen kommune.



## **Ungdomens kulturmønstring 2014**



Den lokale UKM 2014 går av stabelen fredag 21. mars i samfunnshuset på Dalsøyra og då har kommunen sine dyktige ungdomar høve til å vise fram talenta sine for andre.

Arrangementet tek til kl 19.00 og blir etterfølgd av diskotek i regi av 9. klasse ved Dalsøyra skule.

Påmeldingsfristen er 6. mars og det er framleis plass til mange sceneinnslag. Sjå [www.ukm.no](http://www.ukm.no) for påmelding.

Alle er hjarteleg velkomne på mønstringa!

## Kreftomsorga i Gulen kommune

Kreftomsorga i Gulen kommune gjev teneste både til pasientar under kurativ behandling (der målet for behandlinga er å bli heilt frisk igjen) og palliative behandling (der målet er å kunne leve så godt som mogleg med sin kreftsjukdom og der målet er å gje god lindrande behandling).



Målet vårt er at kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, samt pårørende, opplever god kvalitet og tryggleik i alle nivå av helsetenesta.

### Kreftomsorga kan vere;

- eit bindeledd mellom deg /dine pårørende og hjelpeapparatet / helsevesenet, og bidra til å styrke koordinasjonen mellom tenestene.
- me kan vere behjelpelig med faglege spørsmål og rettleie innan for den kompetansen me har.
- me kan hjelper til med div medisinske prosedyrar der det er behov for det.
- me kan vere ein samtale partnarar gjennom ei vanskeleg tid
- me har god oversikt over kva tilbod ein har til kreftpasientar og deia pårørende både gjennom Krefforeininga, Hauglandssenteret, Montebellosenteret m.fl.

Er du eller ein av dine næraste råka av alvorleg sjukdom eller kreft så er me der for å hjelpe deg. Kreftomsorga i Gulen kommune når du på tlf; 414 64 116 kvar vekedag.

## Felling hjort 2007 - 2013

År	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007
Tildelt totalt	766	760	755	710	638	603	516
Felt hannkalv	65	66	63	64	64	59	44
Felt hokalv	77	77	81	53	53	51	50
Felt hanndyr 1,5 år	123	138	118	99	99	103	84
Felt hodyr 1,5 år	95	101	121	86	86	99	81
Felt hanndyr eldre	107	98	143	122	122	100	94
Felt hodyr eldre	150	143	144	142	142	130	113
Felt totalt	617	623	670	566	566	542	466
Fellingsprosent	80,5	81,97	88,74	88,71	88,71	89,88	90,31

## Hjarteleg takk!

Kreftomsorga i Gulen kommune var vertskommune for lokalgruppa vår i ressurs-sjukepleiarnettverket i Sogn og Fjordane i oktober.

Me vil i samband med det få rette ein stor takk til kjøkkenavdelinga ved Gulen sjukeheim for godt samarbeid og god mat denne dagen.


Det var som ein kollega i nettverket sa; «i Gulen får me alltid like god oppvaring så då gjer det ingen ting om reisevegen og dagen blir lang!»

Me vil òg rette ei stor takk til Inger Marie Hellesund og dei tre sønene, Gunnar, Jo og Kjetil m/familie, for den flotte minnegåva me fekk etter Per Hellesund.

Midlane skal brukast til å styrke vår teneste til det beste for pasientar og pårørende!

Tusen takk!

Mvh  
Kreftomsorga i Gulen kommune  
v/ Linda M. Hantveit



## Dovett

2 gongar på 14 dagar har moppar tetta kloakken på Byrknes. Toalett er ikkje ei søppelbøtte.

Det er berre to ting som skal kastast i do: kroppsavfall og dopapir. Ta dette opp med små og store. Det er viktig å være bevisst!

Tette avlaupsrør og pumper er eit miljøproblem, og kan føre til store kostnader.

For meir informasjon, gå inn på [www.dovett.no](http://www.dovett.no)



## Skihelg i Stordalen

14.-16. mars blir det skihelg og vintermoro i Stordalen med Ytre Sogn Turlag!

Det blir måneskinnstur, slalåm, telemark, mat på bål, trugetur m.m. Helga er for barn og unge frå 5-8 klasse.

Det blir overnatting på Stordalen Fjellstove og det blir felles frukost og middag. Mellommåltid og lunch tar me ute i det fri. Det blir instruktørar på dag tid som held div aktivitetar og elles er det vaksne turleiarar med gjennom heile helga.

Sett av helga, meir informasjon kjem!

Me gledar oss til vintermoro i Stordalen!



## Fastelavensbasar 2014

Sundag 2. mars kl.15.00  
Nordgulfjorden Grendahus

Det vert åresal, trekking av loddbøkene samt sal av fastelavnsbollar, lappar, kaffi, te og saft

Velkomen!  
Nordgulfjorden Sanitetslag



## Flomlys i Johannesbrekka

Byrknes Veglys har sett opp flomlys i akebakken "Johannesbrekka" på Byrknes. Lyset kjem på ved å trygge på ein på-knapp, og slår seg av etter ein halv time. Byrknes Veglys har fått støtte i frå Sparebankstiftinga til flomlyset. Alle ski- og akeglade kan no glede seg over å få lys i bakken på ettermiddag-/ kveldstid. (Sigvor Napsøy veit meir om dette viss de treng meir info).

## Badevik i tausevika

På vegne av lag og organisasjonar i Ytre Gulen, har Ytre Gulen Sanitetslag søkt Gjensidigestiftelsen om støtte til å gjere Tausevika om til ei badevik som er tilrettelagt for alle.

På Byrknes manglar vi ein trygg bade plass som er tilgjengelig for både unge, gamle og rørslehemma, og dette skal vi lage til i Tausevika.

Vi bur like ved storhavet og det er viktig at born og unge har høve til å gjere seg trygge i sjøen. I tillegg til at ein kan øve på symjeferdigheter, vil det og bli ein sosial møteplass for fastbuande, hyttefolk og tilreisande.

Tausevika er i gangavstand til Byrknes barnehage og skule, slik at dei kan nytte vika til uteaktivitetar og bading.

Vi har fått løyve frå grunneigar Tausevågen Marina AS og Gulen kommune, og området er blitt omregulert til friluftsområde og marina.

Kversøy Maskin AS skal lage gangveg for barnevogn og rullestol, grave vekk gamal evje, fylle på ny sand, plante grøntområde og lage grillplass. Badevika skal sikrast mot båttrafikk med oppmerka badebøyer.

Det er god plass til bilparkering og god tilkomst for båtar. Arbeidet skal vere ferdig i løpet av juni 2014.

**Søknaden vår vart like før jul innvilga med kr. 237.500,-**

## Neste utgåve av Infoposten

Neste utgåve av Infoposten vert distribuert i veke 11.